

Hjulp naturen på Fjellandsbøvatnet!**01.01.2009**

I gamle dagar hadde dei eit spesielt motto i dei indre delane av den turre Ottadalen: "Viss Vår Herre gjev oss varme, skal vi sørgra for vatn".

Ved Fjellandsbøvatnet på den første dagen i 2009 lanserte kreative uskedelingar ein annen versjon: "Når Vår Herre gjev oss minusgrader, skal vi sørgra for vatn!"

Det var fire-fem minusgrader denne dagen men etter plussgrader i det siste var det for svak is på vatnet til at det vart forsvarleg å ta skøytene fatt.

Då kom nokon med tilgang til sprøyteutstyret til branntroppen på den gode ide å hjelpe naturen. Sprøyte vart henta og vatn spreidd over eit stort område.

Men isen er enno ikkje tjukk nok og fredag føremiddag held sprøytinga truleg fram, får uskedalen.no opplyst. Så kanskje blir dette den store skøytehelga i 2009?

- Dei som hadde ideen og som jobba med sprøytinga torsdag fortener ros for stor kreativitet og innsatsvilje, seier fleire.

Av Ola Matti Mathisen